Søknad: Utviklingsmidler 2021
Antall år: 1-årig
Levert: 14.08.2024 13:50:58
Søknadssum: 80 000

Søkjar

Opplysningar om institusjonen

Kommunenamn	Seljord kommune
Institusjonsnamn	Seljord bibliotek
Postadresse	Nyveg 16
Postnummer	3840
Poststad	Seljord
Leiar av institusjonen	
Fornamn	Ingeborg
Etternamn	Nenseter Jensen
Telefon	35 065 156
E-post	ingeborg.nenseter@seljord.kommune.no

Sluttrapport

Prosjekttittel	Bok på Bui
Kategori	Innsatsområder: Nye samarbeidsformer og partnerskap
Tildelt beløp	80 000
Antall tildelingsår	1-årig
Tidsperiode	2021

Mål for prosjektet	Prøve ut samarbeid med lokale aktørar i Flatdal for å auke utlån og lesing gjennom eit minibibliotek. Vi vil etablere eit attraktivt, fleksibelt, tilgjengeleg, sosialt og sjølvbetent minibibliotek, i samarbeid med Bygdeutviklingslaget og den (einaste) lokale butikken, «Bui», dvs. nærbutikken Joker, som er staden der alle i bygda møtes.

Rapport

Måloppnåing
Målet med prosjektet Bok på bui var å gjere litteratur meir tilgjengeleg for bygdefolk, besøkande og gjennomreisande. Det vart lagt spesielt vekt på litteratur til vaksne, frå fag- til krim og skjønnlitteratur. I tillegg vart det prioritert ein del bokkasser med biletbøker for barn. Bokstamma var på omlag 300 bøker som vart skifte ut heilt eller delvis flerie gonger kvart halvår, særleg inn mot ferier og høgtider.
Utlånet har vi ikkje eksakt mål på, sidan automaten ikkje vart sett opp slik at den skil mellom utlån på bui og på hovudbiblioteket, men vi veit frå etterspørsel og tilbakemeldingar både frå publikum og Joker Flatdal at det har vore eit aktivt utlån jamt og trutt. Dessutan; når ein kjem til minibiblioteket og finn rotete hyller, er det å tolke som eit positivt tegn på interesse og aktivitet.

Innhald og aktivitetar i prosjektet
I tillegg til utskifting av bøker med jamne mellomrom har det vore gjennomført bokprat på bui ved fleire høve. Det har alltid kome folk til desse tilstellingane.
Vidare har det vorte markert avslutning og permieutdeling for Sommarleskampanja på bui kvart år etter end kampanjeperiode.

Målgrupper
Småbarn og vaksne var i utgangspunket målgruppa for prosjektet. Vi veit at det i størst grad er lokalfolk som har lånt bøker, men frå tid til annan har også ferie- og hyttefolk teke kontakt for å låne bøker på bui. Det syns vi er moro.

Eventuelle samarbeid i prosjektet
Samarbeid med lokale aktørar, som Joker Flatdal og Flatdal bygdeutvikling var eit mål i seg sjølv. Samarbeidet med Joker Flatdal har vore konstruktivt og bra. Dei tilsette ved butikken ordnar enkle tekniske problem, ved t.d. å ta kontakt med Biblioteksystemer for feilretting eller kontakte biblioteket for å seie frå om feil eller manglar. Publikum tek også direkte kontakt med biblioteket ved behov. Flatdal Bygdeutvikling har bidratt med godt samarbeid, midlar og tilrettelegging.

Overføringsverdi/erfaringar som andre kan dra nytte av
Dersom ein har gode samarbeidskrefter i bygdene, eit tilgjengeleg lokale der folk ferdast - som i den lokale matbutikken - med utvida opningstid og ein god porsjon pågangsmot, er denne typen sjølvbetent bibliotek absolutt å anbefale. På denne måten slett folk å reise til sentrum, passe på

opningstidene og køyre bil meir enn naudsynt i ein elles ofte hektisk kvardag. Bokutvalet er variert og bør kunne fenge ulike interesseområde og det er enkelt og brukarvenleg å gjennomføre eit lån. Slik kan ein spreie litteraturen ut til folket og stimulere til meir lesing.

Eventuelle planar for vidareføring eller oppfølging
Planen er å vidareføre prosjektet over same lest som den vart starta. Bokstamma blir skifta ut med jamne mellomrom, vi held fram med godt samarbeid med Joker Flatdal, promoterer på Facebook når vi har gjort utskifting av materiell og inviterer skuleelevane til Sommarlesavslutning ved end kampanje.

Oppfølging av eventuelle føringar i tildelingsbrevet
Midlane er brukt til personalressurs og innkjøp av reolar og utlånsautomat - sjå vedlagt rekneskap med forklaringar.

I tillegg til tala i vedlagde rekneskap er det fram til 31.5.2022 brukt midlar som dessverre ikkje er ført på prosjektnummeret.
Midlane er brukt slik:
Lønsutgifter, fast:
350,- (timeløn inkl. PAA) x 5t= 1750 kr
(473,- (timeløn inkl. PAA) x 5t) x 4= 9460 kr
Reise:
(22 km x 4 kr) x 5= 440 kr
Totalt 11650 kr

Rekneskap

- Rekneskap Bok på bui.pdf

Vedlegg